



# BACHELOROPPGÅVE

## Relasjonsbygging i skulen

av

Kandidatnummer: 109, Åsne Vik

Kandidatnummer: 112, Karianne Dvergsdal Bøyum

### Building relationships in schools

Grunnskulelærar 1-7  
PE 369  
Mai 2016



HØGSKULEN i  
SØGN OG FJORDANE

## Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Relasjonsbygging i skulen) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

109 Åsne Vik

JA X      NEI   

112 Karianne Dvergsdal Bøyum

JA X      NEI

## Innhald

1. Innleiing.....	4
2. Kunnskapsløftet og Aristoteles sine tre punkt.....	5
3. Metode .....	7
3.1 Kva er metode?.....	8
3.2 Val av metode.....	8
3.2.1 Pålitelegheit og relevans.....	9
3.3 Datainnsamling.....	9
4. Kva seier litteraturen om relasjonar? .....	11
4.1 Relasjonar.....	11
4.2 Lærar-elev-relasjon .....	11
4.3 Elev-elev-relasjon .....	12
4.4 Kommunikasjon .....	14
4.5 Humorens betyding for relasjonar .....	15
4.6 Sosial kompetanse .....	16
5. Drøfting .....	16
5.1 Lærar-elev-relasjon .....	16
5.2 Elev-elev-relasjon .....	18
5.3 Kommunikasjon .....	19
5.4 Sosial kompetanse .....	20
5.5 Kvar skapar ein gode relasjonar? .....	21
5.6 Korleis oppretthalde og vurdere relasjonar? .....	22
5.7 Utfordringar .....	23
6. Oppsumering .....	24
7. Litteraturliste .....	25
Vedlegg nr 1.....	27

## 1. Innleiing

«Det glade barnet er mer klar for læring og har større overskudd til å ta hånd om andre, enn barn som er ulykkelige og triste. Helt enkelt gjelder det at forskingen dokumenterer at glade barn lærer bedre» (Linder, 2012, s.46). Det er mange faktorar som påverkar om barn er glade eller ikkje, men i skulen er det ein svært viktig faktor som påverkar barna, og det er relasjonar. Å bygge gode relasjonar både mellom lærar-elev og elev-elev er svært viktig for korleis elevane har det på skulen. Derfor er det svært viktig å bygge gode relasjonar til elevane sine, og hjelpe elevane å bygge gode relasjonar seg imellom. Linder seier det slik: «Elever som opplever at de har lærere som anerkjenner, verdsetter og liker dem, har klart bedre faglig og sosialt utbytte i skolen enn de elevene som ikke har et godt relasjonelt forhold til sine lærere» (Linder, 2012, s. 3). Og tillegg veit vi at positive relasjonar mellom elevane har stor betyding for sosialisering og utvikling (Nordahl, Flygare og Drugli, 2013).

Det finst ingen fasit på korleis ein oppnår gode relasjonar, men det som er viktig er at kvar enkelt pedagog reflekterer og tenkjer gjennom korleis han eller ho sjølv møter andre menneske.

Relasjonsbygging er noko som er viktig å jobbe med frå starten av og over tid. Det er læraren sitt ansvar å legge til rette for å fremme positive relasjonar med elevane. Relasjonsbygging skjer heile tida i det daglege samspelet, og det er viktig at vi som lærarar står fram som trygge og imøtekommende, og at vi interesserer oss for kvar enkelt elev. Å jobbe med relasjonar handlar ikkje nødvendigvis om å gjere noko annleis, men meir om korleis ein er i møte med elevane i løp av skuledagen (Nordahl, Flygare & Drugli, 2013 ).

På utdanningsdirektoratet si heimeside står det i artikkelen til Nordahl, Flygare og Drugli (2013) at elever som har positive og gode relasjonar til læraren sin, har betre motivasjon for å jobbe med faglege aktivitetar enn elevar som har dårlige relasjonar til læraren sin. «Lærer-elev-relasjonen synes å ha en indirekte sammenheng med elvenes faglege resultat ved at den virker inn på elevenes motivasjon, aktivitet og engasjement for læringsaktivitetar. De finner videre at negative relasjoner henger sammen med redusert faglig engasjement og dårligere faglig resultat» (Nordahl, Flygare & Drugli, 2013).

Når ein ser kor viktig det er med gode relasjonar for å få elevane motivert på skulen, og korleis gode relasjonar fører til både betre læring og betre sosial kompetanse, som vidare fører til god trivsel og glade barn, så er det å arbeide med å bygge og oppretthalde gode relasjonar svært viktig.

Med dette som bakgrunn har vi kome fram til problemstillinga:

*«Kva seier forsking om relasjonar, og korleis kan ein som lærar bidra til å bygge og oppretthalde gode relasjonar til elevane, og elevane imellom i skulen?»*

Problemstillinga er avgrensa til å handle om lærarar og elevar på 1.-7.trinn. Vi ser på relasjonsbygging som eit dynamisk forhold som heile tida må holdas ved like, og som ikkje kan sjåast på som ein uavhengig handling som ein er ferdig med når målet er oppnådd.

Denne bacheloroppgåva er bygd opp i ulike kapittel. I neste kapittel kjem vi inn på kunnskapsløftet og Aristoteles sin tre punkt. Vidare kjem vi inn på metode der vi grunngjev kva metode er, kva metode vi har valt og datainnsamling. Kapittel fire handlar om kva litteraturen seier om relasjonsbygging. Her går vi inn på relasjonar, kommunikasjon, humorens betydning for relasjonar og sosial kompetanse. Til slutt kjem eit kapittel der vi drøftar og svarar på problemstillinga.

## **2. Kunnskapsløftet og Aristoteles sine tre punkt**

I dette kapittelet kjem vi først inn på kva kunnskapsløftet seier om relasjonsbygging. Kunnskapsløftet dannar fundamentet for opplæringa i skulen og det er derfor interessant å sjå kva kunnskapsløftet seier om relasjonsbygging. Vidare kjem vi inn på Aristoteles sin teori om korleis ein kan dele viten inn i tre forskjellige typar. Denne teorien kan ein bruke for å forstå korleis ein gjer teori om til praksis. Dette er sentralt å forstå då vi i denne oppgåva studerer korleis ein kan bygge og oppretthalde gode relasjonar i skulen.

Det står ikkje eksplisitt altså direkte, om relasjonsbygging i kunnskapsløftet, men implisitt som betyr underforstått, finn ein element som har med relasjonsbygging å gjere. I delen under prinsippa for opplæringa står det: «For å utvikle den sosiale kompetansen til elevane skal skolen og lærebedrifta legge til rette for at dei i arbeidet med faga og i verksemda elles får øve seg i ulike former for samhandling og problem- og konflikthandtering» (Utdanningsdirektoratet, 2012 B). Vidare står det at «Opplæringa skal medverke til å utvikle sosial tilhørsle og meistring av ulike roller i samfunns- og arbeidslivet og i fritida» (Utdanningsdirektoratet, 2012 B). Her blir det altså nemnt at elevar skal utvikle sosial kompetanse og at det er skulen som skal legge til rette for at dette skjer.

Under generell del av læreplanen blir dei overordna måla for opplæringa presentert. I innleiinga kjem det mellom anna fram at opplæringa skal ruste barn til å møte oppgåver og meistre utfordringar saman med andre. Vidare står det at opplæringa skal gi kvar elev kompetanse til å ta vare på seg sjølv, men samtidig ha overskot og vilje til å hjelpe andre. Her kjem det implisitt fram at elevane må øve på å samhandle med andre for å kunne nå desse måla (Utdanningsdirektoratet, 2011).

Den generelle delen av læreplanen er delt inn i fleire deler der det står meir utdjupande om korleis opplæringa kan fremje dei ulike måla. Under det «arbeidande menneske» står det at fagkunnskap

ikkje er nok for å vera ein god lærar. Ein må i tillegg vera engasjert og ha formidlingsevne. Ein må engasjere seg i elevens liv og som lærar skal ein kjenne både generelle og spesielle vanskar elevane kan ha, både når det gjeld læring og det sosiale og emosjonelle. Utan gode relasjonar med elevane sine kan det vera vanskeleg å oppdage og hjelpe elevar med slike vanskar (Utdanningsdirektoratet, 2011).

Vidare står det at læraren skal vera eit førebilete, og tryggleik er ein vesentleg føresetnad for læring. Veremåten til læraren er avgjerande om elevane si interesse skal bestå. «Læraren sitt viktigaste hjelphemiddel er dei sjølve» (Utdanningsdirektoratet, 2011). Dei må derfor tote å vera seg sjølv og stå fram som robuste og vaksne menneske. Elevane må kunne stole på og snakke opent med læraren sin. Her kjem det implisitt fram at ein må ha nære relasjonar med elevane sine. Utan nære relasjonar blir det vanskeleg å vera eit godt førebilde og skape tryggleik (Utdanningsdirektoratet, 2011).

Under det «arbeidande menneske» kjem det også fram at elev-elev-relasjonar er viktig. Forsking viser at skilnadane er store i korleis skuleklassar verkar på elevane. Klassar med det beste sosiale miljøet har som oftast det beste læringsmiljøet for både streke og svake elevar. Er elevrelasjonane dårlige, bli det vanskeleg å skape eit godt sosialt miljø som kan føre til eit godt læringsmiljø. Under det «samarbeidande menneske» står det at personlege evner og identitet utviklar seg i samspelet med andre. Eit breitt læringsmiljø omfattar samhandling mellom alle vaksne og elevar. Vidare står det at forholdet mellom elevane er ein vesentleg del av læringsmiljøet. Dette understrekar at elev-elev-relasjonar er viktig å jobbe med (utdanningsdirektoratet, 2011).

Læreplanar for fag inneholder kompetanse måla som elevne skal kunne etter 2., 4. og 7. årstrinn. Det står heller ikkje her eksplisitt om relasjonsbygging, men ein kan implisitt finne kompetanse mål som har med relasjonar å gjere. Til dømes skal elevane «utforme og praktisere reglar for samspel med andre» (utdanningsdirektoratet, udatert B) og «lytte, ta ordet etter tur og gi respons til andre i samtaler» (utdanningsdirektoratet, udatert A). Her må elevane øve seg på å samarbeide med andre og høyre på kva dei har å seie.

Sjølv om relasjonsbygging ikkje direkte blir nemnt, er det avgjerande for å kunne oppnå dei forskjellige kompetanse måla, at det ligg til rette for læring først. «Det er først når blant annet relasjonen mellom elev og lærar er god og støttende, at ulike arbeidsmåter kan få en direkte effekt på læring» (Drugli, 2012, s.7). Så for å kunne oppnå dei forskjellige kompetanse måla i læreplanen er det viktig med gode relasjonar.

Dei gjeldane læreplanane er i dag mindre detaljerte enn tidlegare. Konkretisering av innhald og å velje arbeidsmåte, læreverk og læringsressursar er opp til læraren sin faglege vurdering og

profesjonelle skjønn (Regjeringa, 2014). Det at læreplanane er mindre detaljert enn tidlegare gir meir autonomi, altså spelerom for læraren.

Sidan lærarar har mykje autonomi i skulekvardag kan det vera lurt å tenke gjennom korleis ein som lærar jobbar og handtera ulike situasjonar. Aristoteles har tre punkt som ein kan bruke for å forstå teori og praksis. Dei tre punkta er episteme (å vite), phronesis (å gjere) og techne (å kunne). Ved å sette seg inn i og å forstå dei tre punkta kan ein bruke dei til å forstå korleis ein gjere teori om relasjonsbygging om til praksis.

Episteme er teori og begrep som er allmenngyldige for alle menneske. Episteme er systematisering og kategorisering av prinsipp som fører til anerkjenning. Teori fører ikkje automatisk til betre praksis, men teori kan utvide og auke pedagogar sin forståing og dermed få ein praktisk betydning. Kort sakt handlar episteme om teoriar om pedagogen sitt arbeid. Dersom ein har lært teori om pedagogisk arbeid, kan ein vidare overføre kunnskapen til praksis, altså behandle episteme over til phronesis (Christensen, 2006).

Phronesis handlar om handlingskunnskapen, altså praksis. Phronesis behandlar episteme med klokskap fordi læraren har kjennskap til konteksten, til elevane og kunnskapen. Phronesis kan ikkje lærast på same måte som episteme og techne, då den er bunden til kontekst og ein kvar situasjon er forskjellig frå andre situasjonar. Tileigning av phronesis skjer ved etablering av gode vaner og ved påverknad av rette holdningar. Ein vil som lærar fleire gonger kome opp i situasjonar som må fiksast opp i med ein gong og då er det viktig med phronesis, som vil seie å *handle klokt* (Christensen, 2006).

Det siste punktet er techne. Techne tar i bruk prinsipp og reglar for å kunne beskrive korleis ein kjem seg frå A til B, altså frå ein tanke til handling. Techne er metoden læraren brukar for å tilpasse stoffet. Techne kan kort beskrivast som metodar i pedagogens arbeid. Ser ein elevar som misstrivast på skulen har læraren utarbeida ein teknikk og metode for å kunna handtera situasjonen. Til dømes å observere, analysera og kunna laga ein samla vurdering av eleven for så å kunne setje i gong konkrete pedagogiske tiltak (Christensen, 2006).

### 3. Metode

Når ein skal gjennomføre eit forskingsprosjekt må ein ut i frå problemstilling og formål med oppgåva velje ut ein metode ein vil bruke. I dette kapittelet vil vi forklare kva metode er, grunngje val av metode samt liste opp og grunngje vala vi har teke for å legge grunnlaget for oppgåveskrivinga.

### **3.1 Kva er metode?**

«En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Dalland, 2012). Metoden vi vel er verktøyet vårt når vi skal undersøke noko. Den fortel oss noko om korleis vi bør gå til verks for å hente inn og etterprøve kunnskap. «Metode, av det greske methodos, betyr å følge en bestemt vei mot et mål» (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 16). Grunnen for å velje ein bestemt metode er at den kan gi oss gode data og den hjelper oss til innsamling av informasjon for å belyse problemstillinga vår på ein faglig og interessant måte (Dalland, 2012).

Vi deler som oftast metode i to hovudkategoriar, kvantitativ og kvalitativ metode. Dei kvantitative metodane gir nøyaktige målingar som gir oss moglegheit til å utføre rekneoperasjonar for å svare på noko. Ein går i breidda og får ei lita mengd opplysningar om mange einingar ein vil undersøke. Dette gjere at datainnsamlinga ofte skjer utan direkte kontakt med feltet. Som innsamlar får ein sjå fenomenet utanfrå, og ein har då større sjanse for ein nøytral drøfting av hypotesa (Dalland, 2012).

Dei kvalitative metodane gå meir i djupna på det ein undersøker. Ein tar meir sikte på å fange opp meninga og opplevinga som ikkje kan målast eller reknast på. Det handlar om å samle inn mykje informasjon om få einingar ein vil undersøke. Datainnsamlinga skjer i direkte kontakt med feltet, og informasjonen tar sikte på å få fram samanhengen og heilheita. Som innsamlar får ein sjå fenomenet innanfrå og dette gjere det meir sårbart for påverking og delaktigheit, noko som kan vera både positivt og negativt (Dalland, 2012).

### **3.2 Val av metode**

Når vi skulle velje framgangsmåte for å belyse og svare på problemstillinga vår, tenkte vi at den beste framgangsmåten ville vera å bruke kunnskap som allereie har blitt forska på. Vi har derfor i denne oppgåva valt kvalitativ metode i form av litteraturstudie, der vi baserer oss på å belyse problemstillinga vår ut i frå allereie eksisterande litteratur. Ein anna avgjerande grunn for valet vårt er at det allereie finst mykje litteratur om tema vi har valt. Fordelen med denne metoden er blant anna at ein kan forholde seg til forsking som allereie er blitt gjort, og slik kan ein få veldig god oversikt over tema. Her er det viktig å vite kva ein fokuserer på når ein les artiklar og studie. Det viktigaste blir å få ut den informasjonen som er direkte eller indirekte knytt til å svare på problemstillinga. Ei ulempe med denne metoden kan vere at relevant teori ikkje blir funnen grunna val og kombinasjonar av søkeord. I tillegg må vi ta høgde for kompetanseforskjellen mellom oss som leserar og forfattarane. Dette kan føre til feiltolkning av litteraturen, då forfattarane har anna kunnskap enn oss (Christoffersen og Johannessen, 2012).

### 3.2.1 Pålitelegheit og relevans

Før ein vel ut bestemte kjelder til oppgåva, bør ein foreta kritiske vurderingar av desse kjeldene.

Grønmo (2007) går inn på fire typar av kjeldekritiske vurderingar; tilgjengeleghet, relevans, autentisitet og truverdigheit. I denne oppgåva er det mest relevant å gå inn på relevans og truverdigheit då vi har eit litteraturstudie og brukar teori som allereie er blitt forska på.

Når ein utfører eit litteraturstudie er det viktig at litteraturen vi finn er relevant for det vi skal undersøke. Kjelder som er tilgjengelege, er ikkje nødvendigvis relevant for oppgåva vår, og derfor må ein vera kritiske til det ein vel å bruke. Men sidan det finst mykje litteratur om relasjonar, har det ikkje vore vanskeleg å finne og vurdere relevant teori for oppgåva vår (Grønmo, 2007).

Det er også viktig at litteraturen er truverdig, at ein har tillit til den informasjonen vi får gjennom innhaldsanalyse av bestemte dokument. Dokument kan vera utforma for å fremme bestemte interesser, og kan derfor innehalde feilaktig informasjon. Vi har vurdert kjeldene våre til å vera truverdige, då vi har lese mykje litteratur om tema og ser at litteraturen støttar kvarandre (Grønmo, 2007).

### 3.3 Datainnsamling

Vi vil her gå nærmare inn på korleis vi har kome fram til den litteraturen vi har brukt for å svare på problemstillinga vår. Når vi vel ut litteratur og tolkar den er det viktig at vi er så objektive som mogeleg. Det går ikkje å vera heilt objektiv, vi står aldri heilt utanfor, då det alltid vil vera eigne følelsar eller meningar som påverkar. Det er derfor viktig å vera bevisst på dette, «resultatet skal vera minst mulig avhengig av den som utfører undersøkinga» (Dalland, 2012, s. 117).

Hermeneutikk betyr fortolkingslære og tar utgangspunkt i forståing og synspunkt når ein fortolkar handlingar og meningar. Å fortolke er å forsøke å forklare noko som i utgangspunktet er uklart, eller forsøke å finne fram til meininga i noko. Hermeneutikken legg stor vekt på førforståinga. Forskarenes fortolking vil ikkje berre baserast på den spesifikke forståinga som etablerast under sjølve studien, men også på førforståinga av tema som ein alltid har med seg når ein undersøker noko. «Alle mennesker møter verden med en forforståelse, med kunnskaper og oppfatninger om virkeligheten, som vi, svært ofte ubevisst, bruker til å tolke det som skjer rundt oss» (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 22). Det vil seie at ein på førehand har ei mening om tema før ein undersøker det. Det er uunngåeleg å ikkje ha eigne tankar om det, derfor må ein vera sin førforståing bevisst. Hermeneutikken legg også stor vekt på heilheitsforståinga, ingen fenomen kan forståast uavhengig av den større heilheita dei inngår i (Grønmo, 2007).

Vi hadde på førehand meningar om kva relasjonsbygging er og korleis ein kan bygge og oppretthalde dei. Dette fordi vi har erfaring med relasjonsbygging då dette er noko alle opplever, i tillegg til at vi

har lært om relasjonsbygging i lærarutdanninga vår. Dette har vi vore bevisst på og vi har derfor ikkje berre sett etter det som kan bekrefte førforståinga vår, men også det som kan avkrefte den. På den måten har vi prøvd å møte tema så føresetnadslauast som mogeleg.

Før vi begynte å samle inn data bestemte vi på førehand at all litteratur skulle vera på norsk. Dette er på grunn av at det er viktig at vi forstår det vi les, slik at datainnsamlinga blir presis. Og for å luke ut utdatert forsking har vi valt å bruke litteratur som er skrive eller oppdatert etter år 2005.

Når vi har leita etter litteratur har vi brukt litt forskjellige søkemotorar, men i hovudsak har vi nyttat «Oria» som er ein søkermotor der ein kan søke i biblioteket sine samla ressursar. I tillegg har vi brukt «Brage» for å sjå på tidlegare masteroppgåver og søkermotoren «Google scolar». I tillegg til desse har vi brukt nettsida udir.no for å finne policy-artiklar og regjeringen.no. Søkeord vi har brukt er «relasjonsbygging», «relasjon», «kommunikasjon», «sosial kompetanse», «humor», «uteskule», «skule», «elev-elev-relasjon», «lærar-elev-relasjon» og «samspill», desse har blitt brukt anten åleine eller i ulike kombinasjonar av kvarandre. I tillegg har vi fått tips frå rettleiaren vår og medstudentar om relevant teori. Vi har også funne litteratur ved å leite i hyllene på biblioteket der vi har funne andre relevante bøker.

Når vi valde ut litteratur fann vi bøker og artiklar som handla om tema for oppgåva vår. Det som verka interessant vart fortløpande vurdert ut i frå overskrifta. Av det som verka interessant av bøker sjekka vi i innhaldslista om det var noko som var relevant. Verka boka interessant lånte vi den og las dei kapitla som var relevante. Når vi gjekk for å låne ei bok, så fann vi fleire bøker i same området som handla om tema vi var ute etter. Då sjekka vi innhaldslista i desse bøkene og lånte dei som verka relevante for oppgåva vår.

Av det som verka interessant av artiklar las vi anten heile, deler eller samandraget av artikkelen og fann då ut om vi kunne bruke den eller ikkje. Vi var i tillegg kritiske til kvar artikkelen var publisert og kven som hadde skrive den. Dette var med i slutninga om vidare lesing.

Då tittelen på artiklane og bøkene har vorte brukt som utgangspunkt for vidare lesing, er det mange bøker og artiklar som har blitt ståande igjen utan å bli vidare undersøkt. Dette kan vera uheldig då vi kan gå glipp av relevant teori, men det hadde vore svært tidskrevande å gå gjennom alle bøker og artiklar som finst om temaet relasjonsbygging.

Etter desse søka og avgrensingane kom vi fram til litteraturen vi har brukt for å svare på problemstillinga vår. Ei oversikt over litteraturen finn du i vedlegg 1.

## **4. Kva seier litteraturen om relasjonar?**

I dette kapittelet kjem vi inn på seks tema der vi presenterer kva litteraturen seier om relasjonar og kvifor det er viktig å bygge og oppretthalde gode relasjonar. Dei seks tema er; relasjonar, lærar-elev-relasjon, elev-elev-relasjon, kommunikasjon, humorens betyding for relasjonar og sosial kompetanse.

### **4.1. Relasjonar**

«En relasjon betegner et innbyrdes forhold der begge parter betrakter hverandre som selvstendige individer og der man er en del av en felles virkelighet» (Røkenes og Hanssen, 2002 i Drugli, 2012, s.15). Ein kan også seie at relasjonar handlar om kva andre menneske betyr for deg. Relasjonane vil vera påverka av korleis andre held seg til deg og korleis dei oppfattar deg. Relasjonane som oppstår vil vera eit grunnlag for og inngår i kommunikasjonen eller den sosiale samhandlinga vi har med andre. Partane i ein relasjon vil etter gjentatt erfaring med samspel utvikle eit relativt stabilt kommunikasjonsmønster og eit sett av forventningar til kvarandre. I følgje Drugli (2012) handlar kjernen i ein god relasjon om å vera menneske, kunne kommunisere og samhandle med andre (Drugli, 2012).

### **4.2 Lærar-elev-relasjon**

Heilt frå vi vart fødd har relasjonar vore viktige for vidare utvikling og tilpassing i samfunnet. Erfaringar frå positive relasjonar fører til tryggheit og at elevar er meir opne for å etablere nye relasjonar sjølv. Klarar du som lærar å bygge gode relasjonar med elevane dine, fører det til større motivasjon for elevane som igjen fører til større motivasjon for deg som lærar. I følgje Drugli (2012) finst det mykje dokumentasjon på at nettopp lærar-elev-relasjonen er ein sentral faktor, som bidreg til både å fremme elevens trivsel og positive åtferd generelt i skulen, samt å fremme deira motivasjon for å jobbe med faglege aktivitetar og lyst til å lære.

Målet med å legge stor vekt på å bygge gode relasjonar til kvar og ein elev er at læring ofte kjem etter at tillit og respekt er på plass. «Når læreren i sin undervisning behersker både å være emosjonelt nær, være i stand til å organisere klassen på en god måte og gi gode instruksjoner, vil engasjement og læring fremmes i elevgruppen» (Drugli, 2012, s.34). Dette viser at lærer-elev-relasjonen ikkje berre er direkte relatert til undervisning og læring, men heng saman med mange andre faktorar (Drugli, 2012).

Relasjonsbygging mellom lærar-elev skjer som oftast i klasserommet, men det kan vera lurt å ta med elevane utanfor klasserommet også. Jordet har jobba mykje med forskingsarbeid som er retta mot læringsprosessar utanfor klasserommet og i boka «Klasserommet utanfor» står det følgjande: «At gode og positive relasjoner mellom lærer og elever legger grunnlag for et godt læringsmiljø, er en utbredt erkjennelse blant lærere med erfaring frå uteskole, og mange lærere framhever nettopp

dette som en effekt av uteskole» (Jordet, 2010, s.96). Vidare seier Jordet (2010) at lærarane meiner dei får oppleve nye sider av elevane utandørs. «De fysiske rammene utenfor klasserommet tillater andre samsværs- og kommunikasjonsformer som synes å skape et meir naturlig og likeverdig forhold mellom lærer og elev enn klasseromskonteksten gir muligheter for» (Jordet, 2010, s.96). Jordet seier også noko om at lærarar ser dei "usynlege" elevane betre utandørs fordi "bråkmakarane", altså dei som forstyrrar og ofte stel læraren sitt fokus store delar av timen, ikkje får den same moglegheita til å avbryte. Dette gir større rom for å «sjå» og «løfte fram» enkeltelevar (Jordet, 2010).

Om ein er utanfor eller innanfor klasserommet, har Terje Ogden som er ein sentral pedagog innanfor åtferdsproblem og sosial kompetanse hos barn og unge, fire punkt han meiner vil etablere kontakt og positive relasjonar mellom lærar-elev. Det fyrste punktet er å bli kjend med eleven, altså det å vise interesse for han. Ogden (2009) seier at det er viktig å orientere seg om enkeltelevar sine såre punkt og unngå å komme inn på desse i open klasse.

Det andre punktet til Ogden (2009) er å la elevane bli kjend med deg. Han nemner også at dersom det er ein problemklasse, er det viktigare at læraren viser at ein er til å stole på, enn at ein blir godt likt. I Drugli (2012) si bok om relasjonsbygging mellom lærar-elev har ho gjort ein undersøking om kva som kjenneteiknar gode relasjonar mellom lærar-elev. Ein elev i 8.klasse svara: «Læreren må være hyggelig, men skal ikke være en venn. De må ha lyst til å være på skolen og undervise oss, lyst til å være sammen med oss. De må være trygge slik at det ikke blir noe stress, så må de gi oss positive kommentarer» (Drugli, 2012, s.48). Når elevane skal bli kjent med deg er det viktig å vera ein trygg person elevane kan stole på framfor å prøve å bli venn med elevane.

Det tredje og nest siste punktet til Ogden (2009) er å lære noko om kva elevane interesserer seg for og kva dei er oppteken av. La elevane lære deg noko om det dei er ekspertar i. Eit viktig tips frå Ogden er å la elevane sitte igjen med ei positiv oppleving frå kvar dag.

Det fjerde og siste punktet til Ogden om det å etablere kontakt og gode relasjonar med elevane, er å vise elevane at du bryr deg om dei. Desse punkta til Ogden (2009) kjem vi nærmare inn på under drøftingsdelen.

#### **4.3 Elev-elev-relasjon**

Jan Spurkeland er ein norsk forfattar, kulturpersonlegheit og kursholdar. Han har mange års erfaring innanfor skule som både lærar, rektor og skulesjef, og har skrive fleire bøker om relasjonsbygging i skulen. Spurkeland (2011) seier at læraren sin eigen relasjon til elevane har stor betydning for relasjonar mellom elevane. «Elevene bruker observerte relasjoner som referanserammer for sine egne relasjoner til de samme personene» (Spurkeland, 2011, s. 184). Det at elevar eller barn generelt

dannar sine eigne relasjonar til andre ut i frå observasjonar av foreldre eller lærarar er viktig å tenke på når ein samhandlar eller snakkar med andre. «Lærere som er respektable og inkluderende i sin omgang med elevene, vil legge et godt grunnlag for positivt samspill også elevene imellom» (Nordahl, Flygare & Drugli, 2013). Det at vi som lærarar snakkar fint om andre lærarar, rektor, skuleleiinga og sjølve skulen som organisasjon er viktig for elevens holdning til skulen.

Det er ein nær samanheng mellom kvaliteten på lærar-elev-relasjonar og relasjonar elevane imellom. Er det ein elev som strevar med å bli inkludert i fellesskapet med jamnaldrande, bør ein ikkje berre fokusere på det som skjer i elevgruppa, men også på korleis lærarane forheld seg til elevane. Det kan vera mange grunnar til at ein elev strevar med å bli inkludert i fellesskapet, men dersom ein lærar blir oppmerksam på det og gir denne eleven ekstra positiv oppmerksamheit, kan det føre til at eleven blir meir akseptert av andre medelevarar (Nordahl, Flygare og Drugli, 2013). Det er i følgje Drugli (2012) slik at aggressive elevar som har god relasjon til læraren sin, er mykje betre likt av medelevane enn barn som er like aggressive, men som i tillegg har ein dårleg relasjon med læraren sin (Drugli, 2012).

«Lærere som hadde gode relasjoner til sine elever hadde 31 % lavere nivå av atferdsproblemer og regelbrudd i klassen i løpet av året, enn lærere som ikke hadde slike gode relasjoner» (Aasen, Nordahl, Mælan, Drugli og Myrh, 2014, s.17). Dette sitatet er henta ut frå ein rapport utdanningsdirektoratet har fått FoU-prosjekt, senter for praksisretta utdanningsforsking, til å skrive. Det er ein rapport som tar for seg ni skular i Haugesundområdet der dei forskar på skuleutvikling innanfor temaet relasjonsbasert klasseleiing. Når ein ser at det er så mykje som 31% lågare nivå av åtferdsproblem og regelbrot i ein klasse med gode lærar-elev-relasjonar, enn i ein klasse med mindre gode lærar-elev-relasjonar, ser ein kor utruleg viktig det er å jobbe med relasjonsbygging frå dag ein. For er det ro i klasserommet, så får elevane konsentrert seg om det dei skal, timane blir meir effektive og ein kan få betre tid til å gjere små avbrekk med ekstra kjekke aktivitetar.

I følgje rapporten til Aasen, Nordahl, Mælan, Drugli og Myrh har klasseleiing mykje å seie for relasjonsbygging. Drugli (2012) seier i ei av fagbøkene ho har skrive at klasseleiing lagar rammene som relasjonane kan utvikle seg innanfor. «Når læreren utfører klasseledelse, forholder læreren seg til gruppen av elever, mens når det er snakk om lærer-elev-relasjonen, handler det om lærerens forhold til hver enkelt elev» (Drugli, 2012, s.35). Drugli (2012) seier vidare at måten ein som lærar leder elevgruppa på vil i stor grad hemme eller fremme utviklinga av dei enkelte elevrelasjonane.

Det vil seie at dersom ein som lærar klarar å lage eit godt klassemiljø, lagar ein eit godt utgangspunkt for å bygge og oppretthalde gode relasjonar med elevane. For å skape eit godt klassemiljø der både elev og lærar har det godt, er det viktig at læraren er proaktiv. «Klasseledelse bør først og fremst handle om bruk av proaktive strategier som: Hvordan fremme ro, samarbeidsvilje, motivasjon og

positiv adferd hos elevene» (Drugli, 2012, s.36). Ved å tenke gjennom slike spørsmål på førehand er ein betre forberedt på det som kjem, men ein skal og vera i stand til å ta problem på sparket. Det å vera godt forberedt, ha tydlige regalar og rutinar, kommunikasjon prega av respekt og vise at ein bryr seg om kvar enkelt elev, kan bidra til å skape eit godt klassemiljø som igjen fører til ein god plass for at gode relasjoner kan oppstå og oppretthaldast (Drugli, 2012).

#### **4.4 Kommunikasjon**

Kommunikasjon skjer heile tida og omfattar alle former for bodskap vi sender mellom oss. Som lærar kommunisera ein med elevane heile tida og elevane kommunisera seg i mellom. Kommunikasjon bidreg til å halde oss i lag og kan definerast slik: «Kommunikasjon er å overføre informasjon, dele erfaringer og ta verbal eller ikke-verbal kontakt for å skape mening for to eller flere mennesker» (Gjøsund og Huseby, 2009, s.69).

Gjennom kommunikasjon får ein uttrykt det ein ønsker og ein kan ta i mot meldingar om kva andre ønsker. Det er derfor viktig at kommunikasjonen som føregår er prega av forståing og er mest mulig positiv for at kommunikasjonen skal vera god. Har ein god kommunikasjon, er det lettare å skape gode relasjoner. «Kjernen i god relasjon handler om å være menneske, kunne kommunisere og samhandle med andre» (Drugli, 2012, s. 7). Tema kommunikasjon er derfor sentralt i relasjonsbygging (Gjøsund og Huseby, 2009).

God kommunikasjon er kjenneteikna av at den er open og tillitsfull. På den andre sida er därleg kommunikasjon prega av at den er meir lukka og deler av den er ofte uklar eller skjult. Er det därleg kommunikasjon kan det lett oppstå missforståingar, som vidare kan føre til usikkerheit og at ein tolkar kvarandre feil (Gjøsund og Huseby, 2009).

Det er viktig at vi er vår eigen veremåte og personlegheit bevisst for å vera oss sjølv på ein god måte. «Begrepet væremåte dreier seg om reaksjonsmønster og handlingsmønster som har en tendens til å gjenta seg i ulike situasjoner, men som det er mulig å forandre dersom du er bevisst det som skjer, bestemmer deg for å gjøre noe med det og finner en måte å påvirke din egen adferd på» (Røkenes og Hanssen, 2006, s. 125). Formålet er ikkje nødvendigvis å endre seg sjølv, men ein skal kunne forholde seg til den ein er på ein best mulig måte i yrkessamanheng. Sjølv om dei grunnleggande personlegheitstrekka til vaksne er ganske stabile, kan vaksne likevel utvikle seg eller lære nye metodar for å forholde seg til dei krava omgjevnadene stiller (Røkenes og Hanssen, 2006).

Korleis sjølvbildet vårt er, påverkar også kommunikasjonen vi har med andre. Det kan vera problematisk om det er stor avstand mellom det ein oppfattar som riktig, og korleis sin eigen veremåte og personlegheit eigentleg er. Ein kan då utvikle eit falsk bilde av seg sjølv som perfekt.

Men framfor å utvikle eit falsk bilde av seg sjølv er det kanskje mulig å godta seg sjølv som eit alminnelig menneske som prøver å gjere sitt beste. «Mennesker som aksepterer seg selv, skaper trygghet, er meir kreative og våger å gi meir av seg selv i møte med andre (Combs, 1977 i Røkenes og Hanssen, 2006, s. 133). Når ein gir mykje av seg sjølv, vil ein ofte få mykje tilbake noko som er positiv når ein kommunisera med elevar (Røkenes og Hanssen, 2006).

Speglingssteorien til George Herbert Mead viser korleis ein speglar seg i andre sine reaksjonar på oss sjølve. Når ein kommunisera med elevar eller kollegaer er det viktig å tenke over korleis ein reagerer på handlingane deira. På grunnlag av korleis vi reagerer på dei, så dannar det ein basis for den objektive sjølvoppfatninga deira. Dette er dersom ein kan tolke andre sine reaksjonar og tenke seg inn i andre sin stad (Imsen, 2008).

I følgje Røkenes og Hansen (2006) er den allmenne kommunikasjonskompetansen den viktigaste ressursen du har når du skal arbeide med menneske. Ved å lære å bli betre å kommunisere kan ein unngå å gjere ein del feil, og ein kan på ein meir effektiv måte dra nytte av dei erfaringane ein gjere. Ein kan ikkje utrydde misforståingane heilt, men bli flinkare til å unngå dei og til å handtere dei når dei dukkar opp (Gjøsund og Huseby, 2009).

#### **4.5 Humorens betydning for relasjonar**

I ein undersøking blant 7.klassingar kjem det fram kva barn ønsker skal prege deira relasjonar til den profesjonelle vaksne. Her blir læraren sin humor nemnt som ein av dei tre viktigaste kjenneteikna for ein god relasjon mellom lærar- elev. Dei to andre er faglig seriøsitet og det å vise interesse for elevane. Når humor blir rangert blant desse viser det kor viktig humor kan vera for relasjonsbygging og at denne relasjonskompetansen må takast på alvor. Derfor ønsker vi å gå inn på at det er viktig at kommunikasjonen med elevane blir prega av humor (Spurkeland, 2011).

Humor påverkar stemninga positivt om ein brukar den riktig. «I relasjonspedagogikk bør en merke seg at humor har en rekke sosiale virkninger. Den styrker relasjoner når den er av ufarlig karakter ved å forsterke følelser av nærlighet, samhørighet, varme og vennskap» (Spurkeland 2011, s. 151). Humor av ufarlig karakter vil seie varm humor som styrker relasjonar mellom menneske, utan å skade eller støyte andre. Det er derfor viktig å kjenne elevane sine godt, slik at ein veit kvar grensa til elevane går. I følgje Spurkeland (2011) er sarkasme og latterliggjering i klasserommet einsbetydane med utvikling av negative relasjonar. Opplever ein elev å bli ledd av med støtte frå læraren kan relasjonane bli øydelagde på få sekund (Spurkeland, 2011).

«Bruk av humor handler om respekt overfor hverandre, som vår kommunikasjon ellers møter i skolen for øvrig» (Fosse, 2006). Det er viktig at humor blir brukt for å skape god stemning for

fellesskapet og at det ikkje blir brukt mot nokon. Barn har mykje større behov for å le enn vaksne. Det er derfor naturlig å skape god humor og stimulere elevane til å le (Spurkeland, 2011).

#### **4.6 Sosial kompetanse**

Det er mange forskjellige definisjonar på kva sosial kompetanse er. Terje Ogden beskriver sosial kompetanse slik: «Sosial kompetanse er relativt stabile kjennetegn i form av kunnskap, ferdigheter og holdninger som gjør det mulig å etablere og vedlikeholde sosiale relasjoner. Den fører til en realistisk oppfatning av egen kompetanse, er en forutsetning for sosial mestring, og for å oppnå sosialt akseptering eller etablere nære og personlege vennskap» (Ogden, 2009, s.207). Terje Ogden er forskingsdirektør og professor ved åtferdssenteret og har skrive mange fagbøker med spesiell vekt på åtferdsproblem blant unge. Han nemner i boka «Sosial kompetanse og problematferd i skolen» at elevane på si side treng to ting for å lykkast på skulen, og det er skulefaglegheit og sosial kompetanse (Ogden, 2009).

Ogden beskriver fem sosiale ferdigheitsdimensjonar som er integrerte; empati, samarbeid, selvhevdelse, selvkontroll og ansvarlighet (Oden, 2009, s. 217). Empati går ut på å kunne bruke eigne erfaringar og tankar til å kunne sette seg inn i andre sine følelsesliv. Empati er ein svært viktig eigenskap då kommunikasjon og relasjonar ikkje fungerer utan denne evna (Helgeland, 2008). Samarbeid går meir ut på å kunne hjelpe og dele med andre, samtidig som å kunne følgje beskjedar og reglar. Sjølvhevding går ut på det å kunne uttrykke kva ein sjølv meiner utan å såre eller oversjå andre sine meningar. Sjølvkontroll handlar om å styre sine eigne følelsar og korleis ein skal uttrykkja følelsane sine. Til slutt er det ansvarlegheit, som er å overhalde reglar og normer. Sosial kompetanse er eit stort tema som stekkjer seg over store og viktige punkt. For å oppsummere er sosial kompetanse det å kunne oppføre seg og ta del på ein god måte i alle sosiale situasjonar. Klarar ein det, blir det mykje lettare å bygge gode relasjonar (Ogden, 2009).

### **5. Drøfting**

Vi vil i denne delen drøfte teorien i kapittel fire opp mot problemstillinga vår, og vise korleis ein som lærar i praksis kan bygge og oppretthalde gode relasjonar til elevane, og elevane imellom i skulen.

#### **5.1. Lærar-elev-relasjon**

Dersom vi går i djupna på dei fire punkta til Ogden (2009) som handlar om kva som kan etablere kontakt og positive relasjonar mellom lærar-elev, kan vi sjå kva ein kan gjere i praksis for at det skal skje.

Det fyrste punktet var å bli kjend med eleven. Det å bruke den vesle tida ein får med kvar elev godt, er viktig. Snakk med eleven og interesser deg for det han seier. Det å lære seg alle namna til elevane fort, ein til to dagar, og bruke dei flittig er ein fin måte å vise til elevane at du har interesse for dei og at du har tatt deg tid til å bli kjend med dei. Det å sette av tid i byrjinga til å ha forskjellige namneleikar kan vera lurt der du som lærar kan finne ut personlege ting elevane interesserer seg for, for så å bruke det seinare i for eksempel undervisninga.

Som nemnt tidligare seier Ogden (2009) at det er viktig å finne ut om elevens såre punkt for å unngå dette i open klasse. Dette er eit viktig punkt som ikkje alltid er like enkelt å holde. Til dømes om ein har ein elev som er sjenert og som ikkje likar å snakke høgt for full klasse, er det ekstra viktig å ta hensyn til denne eleven og lage spesielle avtalar ilag. Ein avtale kan vera at lærar og elev jobbar saman for at eleven skal bli betre til å snakke framfor full klassen. Det kan ein til dømes gjere ved å la eleven få forberede seg godt på det han skal seie.

Det andre punktet til Ogden (2009) er å la eleven bli kjend med deg som lærar. Utfordringa med å la elvane bli kjend med deg som lærar er at det går ei grense angåande privatlivet og det elevane treng å vite. Ein må som lærar vera tydeleg angåande kva ein står for og kva normer ein har. Dersom ein held det ein lovar viser ein elevane at ein er til å stole på. Det er lurt å ha i bakhovudet sitatet frå Drugli (2012), der ein elev frå 8.klasse seier at læraren ikkje skal vera ein venn. Læraren skal i motsetning vera ein trygg voksen som elevane respekterer og tørr å komme til dersom det skulle vera noko. Dette kjem også fram i generell del av læreplanen.

Vidare seier Ogden (2009) at det er viktig å lære noko om elevens interesser og det dei er oppteken av. Elevar har mange interessante hobbyar dei driv med på fritida. Dersom du som lærar veit kva interesser dei har, kan ein bruke det på ein positiv måte, men kanskje viktigast av alt er å finne ut kva dei elevane som slit med å integrere seg i klassen har som interesser. Ved å finne det ut kan ein løfte desse elevane og få vist til resten av elevgruppa at dei også er flink i noko. Har du ein elev som er svak i teoretiske fag, men som du veit er flink til å bygge og snikre, kan det vera ein god ide å ta elevane med ut der dei skal bygge noko ilag. Slik vil dei andre elevane sjå at den svake eleven er ein ressurs og kanskje få eit anna syn på han. Det er slik som Spurkeland (2011) seier at elevane bruker observerte relasjonar som referanserammer for sine egne relasjonar til den same eleven. Bruk den kunnskapen ein har om kvar elev så godt ein kan for å fremme kvar elevs sær preg og kunnskapar.

Alle punkta til Ogden (2009) heng saman og er noko ein gjer kanskje heilt utan å vera klar over det. Det siste punktet er å vise elevane at du som lærar bryr deg. Det å vise at du bryr deg om elevane, går mykje i det same som å vise at du ser alle elevane. Altså augnekontakt, handhelse, berøring og bruke namnet deira flittig. Du må være flink å følgje med på liva deira slik at du kan kommentere

viktinge hendingar, for eksempel om nokon har fått seg eit søsken eller vunne ein stor fotballkamp i helga (Ogden, 2009).

## 5.2 Elev-elev-relasjon

Læraren si holdning utgjer stor betyding for relasjonane elevane i mellom. Døme på dette kan vera dersom ein lærar tydeleg viser frustrasjon og irritasjon på ein elev. Då signalisera læraren at det er "tillat" å bli irritert på denne eleven, og det kan føre til at andre medelevar også kan vise irritasjon og ikkje vil samarbeide med denne eleven. Dette er ein veldig uheldig situasjon, som viser kor viktig det er som lærar å tenkje gjennom kva ein gjere i samhandling med elevane sine. «Man skal derfor være svært oppmerksom på negative relasjoner mellom lærer og elev, da disse kan få en rekke negative konsekvenser for eleven, blant annet negative relasjoner til jevnaldrende.» (Nordahl, Flygare & Drugli, 2013).

Angåande det Drugli (2012) seier ovanfor om at aggressive elevar som har ein god lærar-elev-relasjon blir betre akseptert, enn aggressive elevar med dårlig lærar-elev-relasjon, var det ein liknande situasjon med ein elev vi hadde i praksis. Det var ein 6.klasse med 15 elevar, der det berre var ein elev som hadde problem med å konsentrere seg i timane. Han kunne finne på å gå bort til ein medelev midt i timen og kaste pennalhuset til medeleven rett i bakken, eller rable i skriveboka som den andre eleven jobba i. Det som var spennande å observere var måten medelevene løyste situasjonen på. Alle elevane oversåg det han gjorde og i staden for å ta tilbake, plukka dei sjølv opp pennalhuset, eller viska ut det han hadde rabla i skriveboka og fortsette å jobbe. Ingen elevar blei sinte eller lagde noko styr. Læraren i klassen hadde eit utruleg godt og tett forhold til denne eleven som hadde problem med å konsentrere seg, og det såg ein tydeleg at smitta over på medelevene då denne eleven (mot store odds) var godt likt i klassen.

Ved å observere slike situasjoner ser ein kor viktig det er å etablere gode lærar-elev-relasjonar fordi det har så stor betyding for elevane seg imellom. «Det er også funnet at elevers forhold til medelever blir bedre viss læreren bevisst begynner å gi positiv tilbakemelding til en elev som tidligere har vært avsist eller vurdert negativt av sine medelever. Når læreren endrer sin adferd overfor eleven, endres også medelevenes oppfatning av den same eleven» (Drugli, 2012, s.87-88).

I denne oppgåva har vi vore mykje innpå kvifor relasjonsbygging er viktig. Vi har også vore innpå at relasjonsbygging er noko som skjer heiletida, men det kan også vera kontrollert og lærarstyrt. Det å lage til forskjellige leikar eller utfordringar elevane skal gjennomføra saman, kan vera med på å bygge og styrke deira relasjon til kvarandre.

Når ein får ein klasse for fyrste gong der elevane ikkje kjenner kvarandre kan det vera lurt, som tidligare nemnt, å byrja med namneleikar. Det finst mange forskjellige namneleikar, men her er døme på nokre namneleikar vi tykkjer er gode. Ein namneleik kan vera å setta elevane i ein sirkel der læraren byrja med å seie sit namn, deretter skal nestemann seie læraren sitt namn og sitt eige namn og så neste må seie alle tre sitt namn og så vidare. Ein anna namneleik kan vera å seie sitt eige namn og så må ein seie eit dyr som byrja på same bokstav som namnet. Dermed må Kari seie: Eg heiter Kari, katt. Neste elev skal då seie *Kari, katt*, for så å seie sit eige namn og eit dyr på sin bokstav. Desse to namneleikane vi nettopp har forklart er enkle leikar ein kan ha med ganske små barn, men dersom ein har eldre elevar, til dømes 7.klasse, kan ein gjere leikane meir kompliserte. Ein litt meir krevjande namneleik kan vera å setta saman to og to elevar der dei skal forklare om seg sjølv til kvarandre, så skal dei fram og introdusere den andre eleven framfor heile klassen.

Sjølv om klassen kjenner kvarandre og har eit godt klassemiljø bør ein ikkje slutte med slike leikar/oppgåver. Dersom ein som lærar er kreativ og oppfinnsam finst det ikkje grenser for kva ein kan gjere. Ein kan starte kvar matematikktime med ein hjernetrim der elevane får samarbeide. Ein kan stoppe undervisninga og la to og to elevar samarbeide om å lage tal eller bokstavar med kroppen og ein kan ha samarbeidsstafettar i gymnastikktimen eller som eit avbrekk frå undervisninga. Dette er døme på aktivitetar som ikkje treng å ta meir enn 4-5 minuttar, men som likevel kan utgjere ei stor betydning for relasjonane i klassen.

Musikk er også eit utruleg godt verktøy for å skape ein fellesskapsfølelse i klassen. Det at elevane får synge og danse ilag, lagar ein god atmosfære og spreier glede. Aktivitetar ein kan ha med musikk og song er slå på ringen, stolleiken, ta den ring, Per Sjuspring, danseleiken eller hermegåsa.

### **5.3 Kommunikasjon**

Å ha god kommunikasjon med elevane og at elevane har god kommunikasjon seg i mellom er viktig både for å bygge og oppretthalde gode relasjonar. Missforståingar kan lett oppstå og kan vera med på å svekke relasjonar ein har. Vi har alle ulike erfaringar og forskjellige måtar å uttrykke oss på, og av den grunn har vi ulike oppfatningar om kva som til dømes er morosamt og korleis ein skal uttrykke det. Derfor er det viktig å vera bevisst på korleis ein kommunisera med andre (Drugli, 2012).

For å vera bevisst på korleis ein kommunisera med andre må ein tenkje over sin eigen veremåte og personlegheit. Dette er ikkje alltid like enkelt då kommunikasjon skjer heile tida og veldig ofte spontant. Om ein ofte opplever å bli missforstått er det mulig å forandre handlings- og reaksjonsmønsteret ein har dersom ein er bevisst det som skjer, bestemmer seg for å gjere noko med det og finn ein måte å påverke åtferda si på.

Dersom ein går inn i dei tre punkta til Aristoteles; phronesis, episteme og techne, som kan forklarast som praksis, teori og metode kan ein her sjå korleis ein kan bruke dei for å bryte teori ned til praksis. Dersom ein som lærar har mykje kunnskap om metodar og teori angåande kommunikasjon og korleis ein skal samhandle saman med elevar må ein vidareutvikla teorien og kunne forstå den slik at ein kan bruke den i praksis. Slik kan ein vera meir bevisst og tydeleg på vala ein gjer saman med elevane. For å gjere teori om til praksis må ein forstå teorien godt, vite kva metodar ein kan bruke slik at når ein handlar spontant i klasserommet så kjem det ein har lært naturleg. Elevane får med seg mykje av det læraren gjere og det er lurt å tenke gjennom korleis ein er som lærar på førehand, slik at ein ikkje svekker relasjonar som allereie har oppstått.

Det at sjølvbilete vårt påverkar kommunikasjonen er også noko ein må tenke over. Det er viktig som lærar å vise at ein akseptera seg sjølv. Folk er forskjellige når det gjelder i kva grad ein akseptera seg sjølv, men «undersøkinger viser imidertid at det er en viktig faktor når det gjelder å kunne være til hjelp for andre» (Røkenes og Hanssen, 2006). Akseptera ikkje ein seg sjølv, kan det gå ut over korleis ein kommunisera med elevane på ein negativ måte. Ein gir kanskje mindre av seg sjølv, skapar mindre tryggheit og kan vera mindre kreativ.

#### **5.4 Sosial kompetanse**

For å bygge og vedlikehalde gode relasjonar er det viktig med god sosial kompetanse. Når ein samhandlar med andre menneske er det viktig å kjenne til dei sosiale normene og ein må kunne tilpasse seg ulike situasjonar. «En person med god sosial kompetanse vil kunne legge om atferd eller skifte sosiale strategier fra situasjon til situasjon» (Utdanningsdirektoratet, 2012 A). Ein må vite at ein oppfører seg forskjellig ut i frå kvar ein er og kven ein er med. Sosial kompetanse er svært viktig for korleis andre oppfattar deg. Det er lettare å bygge gode relasjonar med nokon som følger dei same sosiale normene, enn nokon som ikkje følgjer dei. Har ein dårlig sosial kompetanse kan det vera vanskeleg både for den det gjelder og dei rundt å bygge gode relasjonar til denne personen. Derfor er det svært viktig å jobbe med sosial kompetanse for å kunne bygge gode relasjonar.

I boka til Terje Ogden «Sosial kompetanse og problematferd i skolen» går Ogden som tidlegare nemnt inn på fem sosiale ferdigheitsdimensjonar; empati, samarbeid, sjølvhevdning, sjølvkontroll og ansvarlegheit.

Ein aktivitet ein kan gjere for at elevane kan få utfordre seg sjølv på desse fem sosiale ferdigheitsdimensjonane, kan vera å dele ut ein case elevane skal jobbe saman med. Dersom ein vel ein case der elevane må forholde seg til ein påstand det kan vera mange forskjellige synspunkt på, ser ein fort kven av elevane som klarar å kommunisere godt med dei andre. Her går det mykje ut på sjølvhevdning, nemleg å kunne uttrykkje seg om sine meininger utan at andre sine meininger skal virke

feil. Ein må og tenkje på sjølvkontroll og styre sine eigne følelsar, sjølv om ein kanskje er sterkt ueinig med det dei andre elevane seier. Elevane må også tenkje på ansvarlegheit og halde seg innanfor dei reglane og normene som er satt for oppgåva og elles i klasserommet. Det å kunne høre etter og prøve å forstå dei andre elevane sine synspunkt går inn på empati, det å kunne bruke eigne erfaringar og tankar for å skjønne kvifor andre tenkjer det dei gjer.

Når vi gir elevar slike oppgåver er det lurt å gå rundt å observere kva synspunkt dei har. Du som lærar får ikkje berre med deg kva elevane meiner om tema eller oppgåva, men også kvar dei ligg når det kjem til samhandling med medelevar på sin eigen alder. Når ein samhandlar med andre kan det fort oppstå missforståingar, då vi har ulike måtar å uttrykke oss på. Når ein går rundt å observera kan ein hjelpe elevane med å klarne opp i eventuelle missforståingar og på den måten hjelpe elevane å oppretthalde relasjonane dei har.

### 5.5 Kvar skapar ein gode relasjonar?

Det er ditt ansvar som lærar å legge til rette for å skape gode relasjonar. Det gjeld både lærar – elev relasjonar, men også mellom elevane sjølve. Vi har spurd oss sjølve om kvar ein skapar dei beste relasjonane. Er det i sjølve klasserommet eller utanfor klasserommet?

Når ein jobbar med relasjonsbygging betyr ikkje det at ein skal ta vekk undervisninga, men at ein kan gjere begge delar samtidig. Dersom vi ser på korleis ein kan jobbe med relasjonsbygging mellom elev – elev i klasserommet er det mange måtar ein kan gjere det på, men det set likevel ei grense for kva ein kan gjere på grunn av det avgrensa området.

Dersom ein tar for seg relasjonsbygging utanfor klasserommet finst det nesten ikkje grenser for kva ein kan gjere. Det å la elevane jobba og samarbeida saman er gull verdt for å skape gode relasjonar mellom dei. Ved å ta undervisninga utanfor klasserommet, får ein større plass og større moglegheiter til å legge til rette for relasjonsbygging. Det å sjå kvarandre i andre situasjonar enn den tradisjonelle klasseromsituasjonen aukar motivasjon og interesse for det ein gjer. Det er heller ikkje til å legge skjul på at nokre elevar er flinkare i praktisk arbeid enn i teoretisk arbeid.

Erfaringsmessig gjennom praksis har vi observert at det ligg ofte meir planlegging og organisering for å legge undervisninga utandørs. Nye reglar og rutinar må på plass, ein må få med seg alt ein treng, det er ikkje alltid moglegheit å gå tilbake å hente noko dersom ein har gløymt det. Ein må også alltid vera to av sikkerheitsmessige årsaker. Men dersom ein er villig til å legge litt meir planlegging og arbeid i undervisninga kan ein få utruleg mykje igjen for det. Med å ta elevane med ut i friluftsliv tvingar ein dei til å samarbeide og å nå eit felles mål.

Ein kan jobbe med alle fag utanfor klasserommet, her er kort nokre forslag til aktivitetar i nokre fag. I norsk kan ein jobbe med bokstavar. Lage bokstavar av material ein finn i skogen eller leite etter objekter som liknar på ein bestemt boktav i naturen. I matematikk kan ein ha stafettar der målet er å lære multiplikasjonstabellen eller løyse reknestykker. I naturfag er det naturleg å ha mykje av undervisninga utandørs sidan mykje av det ein skal lære om er i naturen. Ein kan då ta med elevane ut for å sjå på planter, fuglar og smådyr i vatn. Ekstra spennande kan det vera å følgje noko som gror og veks gjennom dei ulike årstidene for å sjå kva som skjer, dette kan for eksempel vera eit tre. For å seie det på ein anna måte, er det berre fantasien som set ein stoppar for kva ein kan gjere av undervisning utandørs (Jordet, 2012).

## 5.6 Korleis oppretthalde og vurdere relasjonar?

Eit viktig punkt ein må tenke på når det kjem til å skape og å oppretthalde gode relasjonar, er anerkjenning. For å kunne bygge gode relasjonar til elevane, må ein finne ut kva ein kan anerkjenne med dei forskjellige elevane for å gje utsyn for at vi som lærarar verdesetter og likar dei. Vi anerkjenner elevane for eksempel med å smile til dei, gje dei ros, bruke positivt språk og å akseptere dei. Elevar som føler at læraren har trua på dei, vil også kunne få betre sjølvtiltak og betre motivasjon for å strekke seg enda lengre. Det å anerkjenne elevane fører til at elevane får større tiltrukkenhet til seg sjølv når det kjem til læringsarbeidet, og at dei tar betre til seg tilbakemeldingar frå læraren (Sevje og Gustafson, 2012).

For å kunne oppretthalde gode relasjonar til elevane sine kan ein aldri ta ”ferie”. Ein må kvar dag arbeide med å oppretthalde og skape gode relasjonar. Daglege rutinar, holde det du lovar, vise elevane at du bryr deg, engasjere deg i liva til elevane, også utanfor skulen, og til slutt sjå kvar og ein elev kvar dag.

Alle lærarar vil streve med relasjonane til ein eller fleire elevar i løpet av karriera si. For at ein skal kunne avdekke desse negative relasjonane, må relasjonskvaliteten evaluerast. Ved å rette meir oppmerksamheit mot tema relasjonskvalitet, kan ein raskare oppdage og gjere noko med negative lærar-elev-relasjonar. Men om ikkje det overordna klima på skulen er trygt og støttande, vil det ikkje vera enkelt for læraren å drøfte opent om vanskar med relasjonen til elevar, der det og er fokus på læraren sitt eige bidrag. Det bør vera naturleg å snakka om elevrelasjonar med andre lærarar, sidan alle lærarar vil oppleve det i større eller mindre grad. Hensikta med å diskutere det med andre kollegaer er for at slike relasjonar skal endrast, noko som er til det beste for både lærar og elev (Drugli, 2012).

Det å sette av tid til systematisk eigenevaluering når ein opplever at relasjonen til ein elev er vanskeleg, kan vera lurt. Då kan ein gå gjennom eigne følelsar om korleis det er å vera med denne

eleven, ein kan prøve å finne ut kva åtferd elev og lærar har overfor kvarandre og vurdere om det kan vera behov for endring (Drugli, 2012). I tillegg til dette er det eit par viktige punkt ein kan reflektere over. Det første er om eleven har tillit til deg. Dette punktet er viktig på grunn av at gode og sterke relasjonelle forhold, som regel vil vera prega av gjensidig tillit (Linder, 2012).

For å bygge eit tillitsfullt forhold må elevane oppleve at læraren er til å stole på, at han er rettferdig, held avtalar og er forutsigbar. Han må og opplevast som ein person dei kan snakke med og at han er tilgjengeleg og oppriktig interessert i kvar enkelt elev som sjølvstendige individ. Tillit tar tid å skape, men er relativt enkelt å øydeleggje. Ironi, spydighet og sarkasme kan øydelegg det relasjonelle forholdet og øydeleggje tilliten. Ein må heile tida tenke over kva og korleis ein seier ting til elevane sine.

Det andre punktet ein må tenke over, er om eleven opplever at du er engasjert. Er ein ikkje engasjert kan elevane få følelsen av at dei er til bry eller at læraren ikkje bryr seg. Ein må vera engasjert for å vise at ein bryr seg både om faget ein underviser i og elevane. Er ein skikkelig engasjert kan det smitte over på elevane, slik at dei også blir meir engasjerte og motiverte for å lære. «Barn trenger engasjerte vaksne for å utvikle sin faglighet og trivsel» (Linder 2012, s.53). Er læraren engasjert er sannsynet større for at elevane lærer meir og trivst betre. Trivst elevane i læraren sitt nærvær kan det tyde på gode relasjonar. Finn ein ut at det er behov for endring, kan det vera lurt å drøfte med ein kollega kva som kan gjerast (Drugli, 2012).

Vidare kan observasjon vera eit godt hjelpemiddel. Ein kan bruke ulike observasjonsmetodar for å evaluere det relasjonelle forholdet. Det er viktig at observasjonen er målretta og at den blir lagt til situasjonar i løpet av skuledagen som er relevant for det ein vil observere. For å seie noko om relasjonskvaliteten må ein ha minst tre observasjonar frå tre ulike situasjonar over ulike dagar. Finn ein negativ relasjonar kan det vera lurt å komme i gang med refleksjon rundt samspelet raskt (Drugli, 2012).

Ein kan også be elevane vurdere relasjonskvaliteten mellom lærar-elev sjølv. Ein kan til dømes snakke om lærar-elev-relasjonen i elevsamtalar eller i klassen generelt for å høyre elevane sine meningar. Når ein elev skal evaluere det relasjonelle forholdet til kontaktlæraren sin, kan det vera lurt at samtalen leiast av ein annan lærar. Då kan det vera enklare å seie i frå om det er negative relasjonar. Spørjeskjema er også eit alternativ (Drugli, 2012).

## 5.7 Utfordringar

Relasjonsbygging kan virke relativt enkelt og lett å utføre når ein les om det. Men å gjere teori om til praksis kan i større eller mindre grad vera utfordrande. Den største utfordringa er kanskje det at

relasjonsbygging skjer heile tida. Alt ein seier og gjer saman eller i nærleiken av elevane er med på å svekke eller styrke relasjonane. Ein må alltid vera bevist på kva oppførsel, korleis ein ordleggje seg, normer og verdiar ein har når ein er saman med elevar og kollegar. «Læreren er på alle måter en viktig rollemodell for elevene, og mange vil derfor ta etter mye av det læreren gjør og formidler» (Drugli, 2012, s.88). Det er mange grunnar for at læraren alltid skal vera ein god rollemodell, men dei to viktigaste grunnane er fordi elevane fort kan ta etter læraren sine holdningar og at dersom læraren er avvisande eller i dårlig humør, kan det svekke dei relasjonane som allereie er oppstått.

Andre utfordringar med relasjonsbygging kan vera tid, rom og fantasi. Det å ta eit avbrekk innimellan undervisninga er bra for motivasjon og konsentrasjon, og kan også vera med på å bygge relasjonar elevane imellan. For å kunne ta slike avbrekk må ein tenkje gjennom om ein har plass til den aktiviteten og om det er tid til å utføre aktiviteten. Etter vår meinig skal tid og rom ikkje vera eit problem, men ofte er det fantasien og kreativiteten til lærarane som set ein stoppar for aktivitetane.

Elevar er veldig forskjellige og enkelte kan det, av ulike årsaker, vera vanskelegare å bygge gode relasjonar med. Ein kan oppleve at ein ikkje får til å bygge gode relasjonar med ein elev og ein må då be om hjelp frå andre, og dette kan vera vanskeleg om det ikkje er openheit om slikt på skulen.

I løpet av vår utdanning har vi vore i praksis på mange forskjellige skular og klassar. Vi har sett at det er tydeleg forskjell på klassar som har jobba mykje med relasjonsbygging, framfor klassar som ikkje har jobba like mykje med det. Det har gitt oss eit syn på at dersom ein jobbar mykje med klassen og med relasjonane elevane mellom i byrjinga, får ein meir igjen for det seinare. Dersom det ikkje er eit godt klassemiljø, men mykje bråk og uro, går det utover læring og konsentrasjon. Dersom ein har fått til eit godt klassemiljø med gode relasjonar, ligg alt til rette for god motivasjon og ein god plass for læring.

## 6. Oppsummering

Å begynne å bygge gode relasjonar er viktig frå dag ein, både mellom lærar-elev og elev-elev. Ved å tenke over dei tre punkta til Aristoteles og vurdere og analysere teori opp mot din eigen veremåte og praksis har ein som lærar kome langt i prosessen for å bygge og oppretthalde gode relasjonar til elevane. Det som er viktig å tenkje på er korleis du kommunisera med elevane, brukar fantasien og tar deg tid til å gjere både større og mindre aktivitetar. Ein må heile tida ha relasjonsbygging i hovudet, det er ikkje noko ein kan legge vekk når ein føler ein har oppretta gode relasjonar.

Å bygge og oppretthalde gode relasjonar er to sider som ein må sjå ilag, då det ein gjere for å bygge gode relasjonar er mykje av det same ein gjere for å oppretthalde dei. Forskjellen er at i starten

handlar det om å bygge gode relasjonar, men når ein har klart det, kan ein fortsette å gjere mykje av det same, men utan like stort fokus som i starten og då handlar det om å oppretthalde relasjonane. I starten må ein til dømes opprette tillit hos elevane, når ein har gjort det, må ein gjennom heile skuleåret vise at ein er til å stole på. Mister elevar tillit til deg, så kan det gå ut over relasjonane.

Vi ser også at pedagogar har likt syn på at relasjonsbygging er viktig. Ein ser tydelig at pedagogar legg mykje vekt på relasjonsbygging og forskar mykje på det, medan kunnskapsløftet omtalar relasjonsbygging meir implisitt. Likevel får kunnskapsløftet godt fram viktigeita med relasjonsbygging mellom lærar-elev og elev-elev i skulen. Ut ifrå det vi har kome fram til i denne bacheloroppgåva ser vi som framtidige lærarar at det er svært viktig å bruke mykje tid og ha stort fokus på relasjonsbygging med våre elevar.

## 1. Litteraturliste

Aasen, A. M., Nordahl, T., Nesset M. E., Drugli, M.B. & Myhr, L. (2014). *Relasjonsbasert klasseledelse – et komplekst fenomen*. Elverum: Høgskolen i Hedmark . Henta frå <file:///C:/Users/%C3%85sne/Downloads/relasjonsbasert-klasseledelse.pdf>, 03.02.16.

Bergkast, I., Dahl, L. & Hansen, K.A. (2009). *Elevens læringsmiljø – lærerens muligheter*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Christensen, A. W. (2006). Pædagogers særlige viden I: A. W. Christensen, J. Krab & E. Sander (Red), *Viden og vilje i pædagogers arbejde* (s. 6-12). København: BUPL.

Christoffersen, L. & Johannessen, A. ( 2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5. utg.) Oslo: Gyldendal Akademiske

Fosse, E. (2006). *Humor i skolen på ramme alvor*. (Mastergradavhandling, Universitetet i Oslo), Henta frå <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/30808/HumorISkolen.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (30.03.16)

Gjøsund, P. & Huseby, R. (2009). *To eller flere – basiskunnskaper i gruppepsykologi*. Oslo: Cappelen Damm.

Grønmo, S. (2007). *Samfunnsvitenskaplige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.

Helgeland, A. (2008). *Aktør i eget liv. En gestaltorientert og eksistensialistisk tilnærming til utvikling av relasjon og kommunikasjon mellom barn og vaksne*. Bergen: Fagbokforlaget.

Imsen, G. (2008). *Elevens verden. Innføring i pedagogisk psykologi (4.utg.)* Oslo: Universitetsforlaget AS.

Jordet, A. (2010). *Klasserommet utenfor : Tilpasset opplæring i et utvidet læringsrom*. Oslo: Cappelen akademisk.

Linder, A. (2012). *Dette vet vi om å skape gode relasjoner i skolen*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Nordahl, T., Flygare, E. & Drugli, M.B. (2013, 04.10). *Relasjoner mellom elever*. Henta 24.03.16 frå <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Bedre-laringsmiljo/Elevrelasjoner/Relasjoner-mellom-elever/Larerelev-relasjonen-og-elevelev-relasjoner/?read=1>.

Ogden, T. (2009). *Sosial kompetanse og problemstilling i skolen, 2 utgave*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Regjeringen (2014). *Fag og læreplaner, Innhold, vurdering og struktur*. Henta 27.03.2016 frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/artikler/innhold-vurdering-og-struktur/id2356931/>

Røkenes, O.H. & Hanssen, P.H. (2006). *Bære eller briste – Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget.

Sevje, G. og Gustafson, T. (2012). *Ti kjennetegn på god undervisning*. Oslo: Pedlex Norsk Skoleinformasjon.

Spurkeland, J. (2011). *Relasjonspedagogikk - samhandling og resultater i skolen*. Bergen: Fagbokforlaget.

Utdanningsdirektoratet. (2012 A). *Sosial kompetanse*. Hentet 03.02.2016 frå <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Bedre-laringsmiljo/Elevrelasjoner/Sosial-kompetanse/>

Utdanningsdirektoratet. (2011). *Generelle del av læreplanen*. Hentet 03.02.2016 frå <http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Generell-del-av-lareplanen/>

Utdanningsdirektoratet (2012 B), *Prinsipp for opplæringa*. Hentet 10.04.2016 frå <http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Prinsipp-for-opplaringa/Sosial-og-kulturell-kompetanse/>

Utdanningsdirektoratet (Udatert A), Læreplan i norsk-kompetanse mål. Henta 28.04.16 fra  
<http://www.udir.no/kl06/NOR1-05/Kompetansemaal?arst=372029328&kmsn=502670254>

Utdanningsdirektoratet (Udatert B), Læreplan samfunnsfag-kompetanse mål. Henta 28.04.16 fra  
<http://www.udir.no/kl06/SAF1-03/Kompetansemaal?arst=372029322&kmsn=-669472951>

## Vedlegg nr.1

### Avgrensing av litteratur vi har funne

Forfattar	Tittel	År	Type dokument
Aasen, A. M., Nordahl,T., Nesset M. E., Drugli, M.B. og Myhr, L.	Relasjonsbasert klasseledelse – et komplekst fenomen.	2014	Forskningsdokument.
Bergkast, I., Dahl, L. & Hansen, K.A.	Elevens læringsmiljø – lærerens muligheter.	2009	Lærebok.
Fosse, E.	Humor i skolen på ramme alvor.	2006	Masteravhandling.
Gjøsund, P. & Huseby, R.	To eller flere – basiskunnskaper i gruppepsykologi.	2009	Lærebok.
Helgeland, A.	Aktør i eget liv. En gestaltorientert og eksistensialistisk tilnærming til utvikling av relasjon og kommunikasjon mellom barn og vaksne.	2008	Lærebok.
Imsen, G.	Elevens verden. Innføring i pedagogisk psykologi, 4.utgave.	2008	Lærebok.
Jordet, A.	Klasserommet utenfor : Tilpasset opplæring i et utvidet læringsrom	2010	Lærebok.
Linder, A.	Dette vet vi om å skape gode relasjoner i skolen.	2012	Lærebok

Nordahl, T., Flygare, E. & Drugli, M.B.	Relasjoner mellom elever.	2013	Forskningsdokument.
Ogden, T.	Sosial kompetanse og problemstilling i skolen, 2 utgave	2009	Lærebok.
Regjeringen.no	Fag og læreplaner, Innhold, vurdering og struktur.	2014	Lovverksdokument
Røkenes, O.H. & Hanssen, P.H.	Bære eller briste – Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker.	2006	Lærebok.
Sevje, G. og Gustafson, T.	Ti kjennetegn på god undervisning.	2012	Hefte
Spurkeland, J.	Relasjonspedagogikk - samhandling og resultater i skolen.	2011	Lærebok.
Utdanningsdirektoratet.	Sosial kompetanse.	2016	Policydokument.
Utdanningsdirektoratet.	Generelle del av læreplanen.	2016	Policydokument.
Utdanningsdirektoratet.	Sosial og kulturell kompetanse.	2012	Policydokument.
Utdanningsdirektoratet.	Læreplan i norsk.	Udatert	Policydokument.
Utdanningsdirektoratet.	Læreplan i samfunnsfag.	Udatert	Policydokument.